

Kulturdepartementet

Deres ref: Deres ref her...
Vår ref: Kristin Bakken
Sted: Oslo
Dato: 19.12.2017

Høringsinnspel – Ny lov for Den norske kyrkje og andre trus- og livssynssamfunn

NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) står ikkje på lista over høringsinstansar til framlegget om ny trussamfunnslov, men vi vel likevel å levere eit innspel.

Bakgrunnen for dette er NIKU's langvarige arbeid med konservering av kyrjekunst, ofte utført på oppdrag frå Riksantikvaren. Vidare har NIKU arbeidd mykje med bygningstekniske tilstandsvurderingar og verdivurderingar av kyrkjer samt bidratt sterkt under gjennomføringa av Riksantikvaren sitt stavkyrkjeprogram. Nylig har vi på oppdrag av Riksantikvaren etablert eit overvåkingsprogram der klimapåverknad på ståande freda bygningar blir kartlagd. Vi har altså tung og langvarig erfaring med å vurdere kyrkjer og kyrjekunst i eit verdi- og bevaringsperspektiv. Vårt primære fokus er dei store kulturhistoriske verdiane som kyrkjene representerer. Desse verdiane tilhøyrer ikkje berre den einskilde kyrkjelyd eller Den norske kyrkja som heilskap. Det dreier seg om eit nasjonalt felleseige, og handlar om bygningsarv, kunsthistorie og kulturhistoriske verdier i vid meining.

Med NIKU si erfaring i botnen er det ikkje vanskeleg å gje støtte til dei overslaga over vedlikehaldsetterslep som lovframlegget legg til grunn. Situasjonen er på mange punkt prekær og djupt bekymringsfull, og den er dessutan velkjend. Den utgjer bakgrunnen for kvifor Stortinget 18.12.2015 bad regjeringa leggje fram ein forsterka strategi for korleis dei særleg verdifulle historiske kyrkjene kunne sikrast eit forsvarleg vedlikehaldsnivå, og heilt konkret vurdere opprettinga av eit statleg bevaringsprogram for desse kyrkjene. Det er også denne oppmodinga som Anne Tingelstad Wøien (Sp) den 18.8.2016 etterlyste respons på. Kulturminister Helleland svarte på etterlysninga frå representant Wøien. Ho sa då at bevaringsprogram for andre kyrkjer enn stavkyrkjene vil krevje «betydelig kapitalinnsats» og at dette behovet skulle belyst og ivaretakast gjennom det nye lovframlegget. Det var altså god grunn til å vere spent på lovframlegget for alle oss som uroar oss over vedlikehaldet av dei verneverdige kyrkjene i Noreg.

NIKU finn ikkje at den nye lova inneheld ein eigenleg strategi av den typen som blei etterlyst av Stortinget. Rett nok gjer ein framlegg om ulike organisatoriske løysingar for å løfte det tunge kyrkjevedlikehaldsansvaret opp frå den einskilde kommunens økonomiske ansvarsområde, og det er

Et institutt i Miljøalliansen

NIKU hovedkontor
Storgata 2
Postboks 736 Sentrum
0105 Oslo
Telefon: 23 35 50 00
TeleFax: 23 35 50 01

NIKU Distriktskontor
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Distriktskontor
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112 Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Distriktskontor
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Hjalmar Johansens gt.
14
Framsenteret
9007 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00

mogleg at dei verste skeivheitene kommunane imellom vil bli noko utjamna. Men vedlikehaldsetterslepet og behova til dei mest verdfulle kyrkjene kan ikkje berre løysast organisatorisk.

NIKU vil ta til orde for at Staten tar eit like tydeleg ansvar for dei mest verdfulle historiske kyrkjene våre, som dei har gjort for stavkyrkjene. På det feltet greidde ein å skaffe fram midlar til eit bevaringsprogram, slik at desse 28 kyrkjene på 12 år kom opp i ordinær vedlikehaldsstand. Med statleg ansvar i denne samanhengen meiner vi to ting. For det første viser dette til ei erkjenning av desse kyrkjene har ei særskilt betydning innafor vår felles kulturarv, som det er viktig å løfte opp over eit lokalt eller regionalt myndighetsnivå. Riksantikvaren har eit nasjonalt overblikk, er øvste fagmyndighet, og har slik både kompetanse og autoritet til å gjere eit utval basert på verneverdi, og dessutan sikre at dette utvalet får så kvalifisert forvaltning som mogleg. For det andre bør Staten ta eit *økonomisk* ansvar for dei mest verdifulle historiske kyrkjene våre. Det følgjer logisk av at dei blir definerte som nasjonens kulturhistoriske felleseige.

NIKU vil difor støtte opprettinga av eit langsiktig bevaringsprogram for dei mest verdfulle kyrkjene. Riksantikvarens planar for eit slikt program er kjende, og vi støttar dette i så grove trekk som det så langt har blitt skissert. Det vil seie at det bør omfatte både istandsetting, konservering og restaurering av kyrkjeinteriør, konservering av kyrkjekunst og inventar og brannsikring. Vi meiner, også at programmet bør praktiserast ved å gje tilskot på toppen av ein (kommunal) eigenandel.

For å forhindre at kvart prosjekt under bevaringsprogrammet blir eingongsinvesteringar, dvs at den ferdige kyrka forfell slik at einmå starte på nytt om nokre tiår, er det viktig å lage eit program som blir understøtta av eit løpande vedlikehalds- eller ettersynsregime. Dette er ein måte å ivareta investeringane på, og det vil dreie seg om små, rimelege tiltak for å forhindre at store og kostbare skader oppstår og får utvikle seg. Dette er viktig per i dag, og vil bli enda viktigare i eit endra klima med risiko for raskare og meir omfattande utvikling av bygningsskader som resultat.

Basert på NIKUs erfaringar med kyrkjeforvaltarar, vil vi også understreke at det ofte manglar både forvaltnings- og bestillarkompetanse lokalt. Denne situasjonen kan bøtast på på ulike måtar, ved å løfte forvaltningansvaret opp til større og meir robuste kompetansemiljø – dvs over einskildkommunane, og ved å investere i kompetanse - både i kyrkja og hos forvaltarane. Men også på punktet om kompetanse vil vi ta til orde for at dei aller mest verdfulle kyrkjebygningane bør vere eit statleg ansvar og slik sikrast vedlikehald og oppfølging av beste klasse.

NIKUs to hovudinnspel til høyringa er altså desse: eit statleg økonomisk ansvar for tilskot til dei mest verdfulle kyrkjene bør konkretiserast i ein modell som t.d. eit bevaringsprogram, og behovet for kompetansebasert forvaltning må ivaretakast uavhengig av organisatorisk modell.

Med helsing

Kristin Bakken, direktør